

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

Same teikn oppatt-teke

[**877**] N-58119. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 50; 1990b: [43]; Knirk 1994b: 202.)

Innskrifta står på ein tilspissa, flat trepinne, 89 mm lang, 15 mm brei på det breiaste og 6 mm tjukk. Ei tynn flis langs eine kanten er laus. Funnet vart gjort i 1978, felt FT, hovudfase 8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til tida mellom ca. 1225 og 1275. Det er runer på den eine breisida. Innskrifta er ca. 70 mm lang og runene frå 8 til 10 mm høge. Det øvre delen av staven på dei to første runene er defekt, men synest sikkert å kunna lesast som **k**, liksom resten av innskrifta. Mellom r. 3 og 4, 5 og 6, 9 og 10 er det eitpunkts ordskilje.

ƿ ƿ ƿ . ƿ ƿ . ƿ ƿ ƿ ƿ . ƿ

k k k · k k · k k k k · k

Forma på gjenstanden kan neppe identifiserast med nokon spesiell funksjon som kunne gi oss grunnlag for å skjønna kva ei slik rekkje med same runeteikn kan vera meint som. Repetisjonar som dette kan tenkjast å ha vore ei skriveøving, men heller ikkje det finst det bindande prov for.